

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 5. februar 2025

Tid: 5.2.25, kl. 19-20

Stad: Vestnes bibliotek

Deltakarar: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Ellen Lundgren, Tore Tomren og Morten Øveraas

Gjestar: Torhill Sellereite og Odd Jarle Talberg (sak 2)

Saker:

1) Godkjenning av referat frå styremøtet 8.1.25.

Referatet vart godkjent.

2) Val til årsmøtet 2025: Orientering saman med valnemnda.

Fotogrupper har unisont sagt ja til attval.

Skriftstyret: Tordis og Åse er på attval. Jørn Inge har eit år igjen av valperioden.

Sogelagsstyret: Liv Signy, Ellen og Jørn er ikkje på attval. Marit tek gjerne attval, medan sekretær Tore og styreleiar Morten ikkje tek attval.

Valnemnda må såleis rekruttere to nye medlemmar til styret. Det viktigaste vil vere å sikre at sogelaget får ein ny leiar. Det kan vere at dette er eit verv ein noverande styremedlem kan ta på seg, men dette er enno ikkje avklart.

Morten vil uansett hjelpe til å sikre ein mjuk overgang for ny leiar ved å vere ein støtteperson angående alle slags spørsmål av fagleg og praktisk art. Ikkje nok med det, Morten vil også ta ansvar for å leie ymse arrangement, og sørge for at sogelaget også i framtida vil nyttiggjere seg det omfattande kontaktnettet han har opparbeid seg i jobben ved Romsdalsmuseet.

Dessutan har styret ein intensjon om å fordele oppgåvene i større grad enn før, blant anna for slik å avlaste ny leiar.

Den allereie imponerende rekka med aktuelle namn på valnemnda si liste over potensielle styremedlemmar blei utvida etter ein forrykande frisk hjernestorm, og det var med ein viss grad av optimisme valnemnda trakk seg tilbake. «Det er ikkje umogleg at dette kan ordne seg», var det fleire som antyda.

Torill og Odd Jarle, som over fleire år har lagt ned ein formidabel innsats i valnemnda, ynskjer like fullt å trekke seg etter det komande årsmøtet. Morten og Tore har, med ulik grad av entusiasme, sagt seg villig til å erstatte dei to.

3) Gjennomgang av utkast til årsmelding frå styret.

Styreleiar fekk jamt over god respons på utkastet. Nokre få justeringsforslag vart integrert i årsmeldinga.

Ymse innspel om kontingentauke, familiemedlemsskap, samt endring av frist for innbetaling for medlemsskap, genererte ei livleg, og tidvis høglytt, meningsutveksling.

Styret vil i årsmøtet foreslå å auke kontingenten frå 280 til 300 kr, og utsalsprisen for årsskriftet frå 330 til 350 kr.

4) Overgang til Styreweb - orientering.

Kasserar Liv Signy og styreleiar Morten er einige om at overgangen har gått greitt så langt. Det vil vere ei gradvis innfasing av styreweb, og parallell utfasing av det gamle systemet, gjennom heile året.

Nerås, 6.2.25.

Referent: Tore Tomren